

Jondal

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøver ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Kommune i Hardanger, ligg mellom Hardangerfjorden og Folgefonna
- Areal: 208 km²
- Innbyggjartal per 1.1.06: 1 060
- Administrasjonssenter: Jondal (einaste tettstad)
- Bygder: Herand, Solnes/Svåsand, Jondal, Torsnes, Kysnes, Nedre Krossdalen og Øvre Krossdalen.
- Næringsvegar: Jordbruk, særleg husdyrbruk, fiskeoppdrett og industri (mekanisk industri, fiskeforedlingsindustri, møbelindustri og båtbygging).

2. Lytt på dialekten

➤L [Klikk her](#) og høyr på opptak 1 frå Jondal.

Tekst 1:

- Det er klart, viss dei har spesielle utdanningar, så er det ikkje så veldig mange tilbod her inne då. Liten kommune og ikkje så, så allsidig som du kan finna på større plassar. Så når du først har fått deg ein jobb, så må du vel prøva å halda på den då. Så du har levebrød her inne.
- Ja. Kva lever folk av her då?
- Nei, det er no her, som så mange andre plassar, så er det dette offentlege sørvisnæringar og skule, pleie og omsorg, butikkar, og så er det ein, jordbruksdrifta står jo relativt sterkt her då, i alle fall ein 10-15 prosent hentar inntekta si der. Så det er, er vel ikkje så store forskjellar på andre små kommunar i Hardanger. Så er det, har me ei mekanisk bedrift, Jondal stål, som sysselset ein 25-30, og steinindustrien i Sålesnes, murstein og skifer. Og, og lakse- og fiskeoppdrett har skaffa ein god del arbeidsplassar dei siste 20 åra. Det har dei.

Informant: Mann, fødd 1948.

➤L Klikk her og høyr på opptak 2 frå Jondal.

Tekst 2:

- Ja da, du får prøvd både ski og fotball og handball og eigentleg all ballsport og forskjellig. Telemark har dei òg her då. I fyrste klasse så er det obligatorisk med telemark. Det er ganske moro.
- Ja. Har du stått på det før?
- Nei, eg har aldri stått telemark før, men i fyrsteklasse då så stod eg jo telemark. Og dei som likar det veldig godt, dei vel det jo, vel det jo, det som studieretningsfag då for eksempel.
- Ja, så då reiser dei mykje på turar og sånn då for å øva på det?
- Ja, dei reiser på tur, ja. Elles så har dei sånn barmarkstrening. Men om vinteren så reiser dei ein del på sanne skirenn og på sånn.
- Men kor trenar dei då? Dreg dei på Kvamskogen, eller?
- Ja, i Eikedalen trenar dei om vinteren då. Elles så trenar dei, har dei alternativ trening her nede.

Informant: Kvinne, fødd 1987.

3. Nokre særdrag

Informasjon om lydskriftsystemet. ➤T[eigen art.]

Dialekten her har dei vanlege ➤**T**[eigen art.] sørvestlandske og hardangerske ➤**T**[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤**O** endar på *-a* ➤**T**[eigen art.]**K**: *å selja, å bita*
- svake hokjønnsord ➤**O** endar på *-a* i ubestemt form eintal ➤**T**[eigen art.]**K**: *ai dama, ai veka*
- det er forskjell i bøyinga på svake ➤**O** og sterke hokjønnsord ➤**O** i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) ➤**T**[eigen art.]**K**:

<i>dama</i>	<i>damå</i>	<i>damę</i>	<i>damęna</i>
<i>bygd</i>	<i>bygdę</i>	<i>bygdę</i>	<i>bygdęna</i>
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal ➤**T**[eigen art.]**K**
- diftongane *ei* og *øy* blir uttalte som *ai* og *ái*: *ain flaip, å aiga, ain båile, å ráikęa* 'ein fleip, å eiga, ein bøyle, å røykja'

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, ø, å, ai, ái* og *au*. Dessutan har ein "tilleggsvokalen":

e, som blir uttalt som ein open *e*.

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

ķ, đ, som er to lydar med *j*-klang. Dei blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tenķa, bygdđa* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyinga av ord, og det blir kommentert under Substantiv. ➤**L**

ŋ, som ofte svarar til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Jondal tonemforskjell >O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen >O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

ˈfarˈn (bestemt form eintal av *far*)

ˈfarˈn (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Etter *d*, *l*, *n*, *r*, *s* og *t* blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som *ˈn*, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det heiter altså *grisˈn* og ikkje *grisen*.
- Mykje av vestlandsk har ikkje lyden *ŋ* anna enn framom *k* og *g*, men i staden blir ein *g* uttalt der andre dialektar ikkje har han. I Jondal heiter det såleis *streŋg*, mens det utafor Vestlandet heiter *streŋŋ* 'streng'.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstret for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma >O (*låvε*), mens andre ikkje gjer det (*arm*). Me har difor plassert *ε*-en i ein parentes:

1. *-(ε)* *-en* *-a* *-anε*

Det vil seia at *arm* og *låvε* blir bøyde slik:

<i>arm</i>	<i>armεn</i>	<i>arma</i>	<i>armanε</i>
<i>låvε</i>	<i>låvεn</i>	<i>låva</i>	<i>låvanε</i>

Ei gruppe hankjønnsord har *ε* i fleirtalsendingane:

2. *-* *-en* *-ε* *-εna*

Slik går m.a. *sau* og *gåŋg* 'gang', altså på denne måten:

<i>sau</i>	<i>sauεn</i>	<i>sauε</i>	<i>sauεna</i>
<i>gåŋg</i>	<i>gåŋgεn</i>	<i>gåŋgε</i>	<i>gåŋgεna</i>

Avvikande bøying frå dette i hankjønn finn ein i:

fot *fo't'n* *føtø* *føtt'nå/føt'nå*

På grunn av at endinga *-en* i *fotø* står etter *t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *fo't'n*, jf. Lydmønster. ➤L Det same ser me i *føtt'nå/føt'nå*.

Ein del ord som endar på den trykklette stavinga *-ar*, følger første bøyingsmønstret, men dei får samandraging ➤O i fleirtal:

hammar *hammar'n* *hamra* *hamranø*
spikar *spikar'n* *spikra* *spikranø*

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ➤O har dette bøyingsmønstret:

3. – –ø –ø –øna

Dermed får orda *mark* og *skål* slik bøyning:

mark *markø* *markø* *markøna*
skål *skålø* *skålø* *skål'na*

Dei fleste svake hokjønnsorda ➤O har slik bøyning:

4. –a –å –ø –øna
jenta *jentå* *jentø* *jent'na*
kaka *kakå* *kakø* *kakøna*

Svært mange hokjønnsord følger eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5. – –ø –a –anø

Slik bøyning har f.eks. *gran* og *ķering* 'ķjerring':

gran *granø* *grana* *grananø*
ķering *ķeringø* *ķeringa* *ķeringanø*

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

bok *boķø* *bøķø* *bøķøna*
natt *nattø* *nettø* *nett'na*
dåttø *dåttø* *døttø/døtre* *døtt'na/døtrøna* 'dotter'

Inķjekjønn

Inķjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6. -(e) -ε -(e) -ε

Dette er det dominerande bøyingsmønstrer for inkjekjønnsorda. Ein del ord i denne gruppa endar på -ε i oppslagsforma ►**O** (*eplε, mεrķε*), mens andre ikkje gjer det (*land, år*). Me har difor plassert ε-en i ein parentes.

<i>land</i>	<i>landε</i>	<i>land</i>	<i>landε</i>
<i>år</i>	<i>årε</i>	<i>år</i>	<i>årε</i>
<i>eplε</i>	<i>eplε</i>	<i>eplε</i>	<i>eplε</i>
<i>mεrķε</i>	<i>mεrķε</i>	<i>mεrķε</i>	<i>mεrķε</i>

Ei gruppe inkjekjønnsord blir bøygde slik:

7. -a -a -ε -εna
auga *auga* *auge* *augεna*
jεrta *jεrta* *jεrtε* *jεrt'na*

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *mark* heiter *marķε*, *tåg* heiter *tåjε*, *εng* heiter *εndε* og *plagg* heiter *pladđε* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ķ* (jf. *mark*), mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *plagg*) og etter *n* (jf. *εng*) og med *j* etter lang vokal (jf. *tåg*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord med -ε og -εna som endingar i fleirtal (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på -a i oppslagsforma ►**O**,
- i fleirtal av hokjønnsord med -ε og -εna som endingar i fleirtal (dvs. klasse 3 ovafor), og
- i heile inkjekjønnsord.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

–a –a –a –a

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>fiska</i>	<i>fiska</i>	<i>fiska</i>	<i>fiska</i>

2. *døma*-klassen:

–a –e –de/–te –t

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>flira</i>	<i>flire</i>	<i>flirde</i>	<i>flirt</i>
<i>bygga</i>	<i>bygge</i>	<i>bygde</i>	<i>bygt</i>
<i>strøkka</i>	<i>strøkke</i>	<i>strøkte</i>	<i>strøkt</i>

Verba i denne klassen som har konsonantane *g*, *m* eller *r* føre endinga, som altså i *flira*, *laiga* osv., får endinga –de i preteritum ➤**O**. Dersom verbet har ein av konsonantane *f*, *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til –te: å *sleppa* – *sleppte*. Verb som har konsonantane *l* eller *n* framom endinga, får anten –de eller –te i preteritum: å *dvela* – *dvelte*, å *kvila* – *kvilde*, å *nevna* – *nevnde*, å *råina* – *råinte*.

3. *greia*-klassen:

–a –e –dde –tt

Altså:

<i>gråia</i>	<i>gråie</i>	<i>grædde</i>	<i>grætt</i>	'greia'
<i>slåia</i>	<i>slåie</i>	<i>slødde</i>	<i>sløtt</i>	'sløya'

Når desse verba får tillagt endingane –dde og –tt, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har *d* eller diftong ➤**O** framom infinitivs-a-en : *båia*, *plåia* 'bøya, pløya'.

4. *meina*-klassen:

–a –a –de/–te –t

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>svara</i>	<i>svara</i>	<i>svarde</i>	<i>svart</i>
<i>baka</i>	<i>baka</i>	<i>bakte</i>	<i>bakt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum ➤**O** alt etter kva konsonant som står framom endinga: *bakte* med *-te* og *svarde* med *-de*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *bruka*, *svara*, *raka* osv.

5. *telja*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>*-de/*-te</i>	<i>*-t</i>
-----------	-----------	------------------	------------

Her set me stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen ➤**O** i verbet kan skifta:

<i>spørja/spyrja</i>	<i>spørē</i>	<i>sporde</i>	<i>sport</i>
----------------------	--------------	---------------	--------------

Det gjeld likevel ikkje i alle tilfelle:

<i>sēlja</i>	<i>selē</i>	<i>sēlde/sēlgde</i>	<i>sēlt</i>
--------------	-------------	---------------------	-------------

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang ➤**O**; *selē* er uttalt med det me kallar tonem ➤**O** 1, mens *flira* i notid har tonem 2: *ʼselē*, *ʼflirē*. Her som i *døma*-klassen bruker ein *-te* i preteritum ➤**O** etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

<i>-</i>	<i>-r</i>	<i>-dde</i>	<i>-tt</i>
----------	-----------	-------------	------------

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤**O**, og altså *-r* i notid:

<i>bry</i>	<i>bryr</i>	<i>brydde</i>	<i>brytt</i>
<i>gro</i>	<i>gror</i>	<i>grodde</i>	<i>grott</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤**O** ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen ➤**O** mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *fara* – *fere* – *for* – *fare*. Her er vokalskiftet altså *a* – *e* – *o* – *a*. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤**O** (*for*), perfektum partisipp ➤**O** har endinga *-e* (*fare*), og i notid bruker ein tonem ➤**O** 1 (*ʼfere*) slik som i det svake verbet *ʼselē*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndeling stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafør kvar klasse.

1. klasse (i – i – ai – e):

<i>bita</i>	<i>bitę</i>	<i>bait</i>	<i>betę</i>
<i>grina</i>	<i>grinę</i>	<i>grain</i>	<i>grenę</i>

2. klasse (o/y – y – au – å):

<i>brotá</i>	<i>brytę</i>	<i>braut</i>	<i>bråtę</i>
<i>flyta</i>	<i>flytę</i>	<i>flaut</i>	<i>flåtę</i>

3. klasse (i/e/ę – i/e/ę – a – o/å):

<i>drikka</i>	<i>drikkę</i>	<i>drakk</i>	<i>drokķę</i>
<i>finna</i>	<i>finnę</i>	<i>fann</i>	<i>fonnę</i>
<i>bresta</i>	<i>brestę</i>	<i>brast</i>	<i>bråstę</i>
<i>dętta</i>	<i>dęttę</i>	<i>datt</i>	<i>dåttę</i>

4. klasse (ę – ę – a – å):

<i>bęra</i>	<i>bęrę</i>	<i>bar</i>	<i>bårę</i>
<i>stęla</i>	<i>stęlę</i>	<i>stal</i>	<i>stålę</i>

5. klasse (e – ę – a – e):

<i>reka</i>	<i>rękę</i>	<i>rak</i>	<i>reķę</i>
-------------	-------------	------------	-------------

6. klasse (a – e/ę – o – a):

<i>fara</i>	<i>fęrę</i>	<i>for</i>	<i>farę</i>
<i>mala</i>	<i>męlę</i>	<i>mol</i>	<i>malę</i>
<i>gala</i>	<i>jelę</i>	<i>gol</i>	<i>galę</i>

Litt meir spesiell bøyning har desse sterke verba ➤O:

<i>bea/be</i>	<i>ber/be</i>	<i>ba</i>	<i>bitt</i>
<i>je</i>	<i>jer</i>	<i>ga/gav</i>	<i>jeve/jitt</i>
<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>staę</i>
<i>slå</i>	<i>slår</i>	<i>slo</i>	<i>slaię</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fękk</i>	<i>fått</i>

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ➤**O** (for eksempel *vesen*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *høg*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

- 1) *ain ves'n blom* *ai vesę hånd* *ait vesę tre* *vesnę bloma*
 2) *ain høg stol* *ai høg jęnta* *ait hęgt hus* *hęgę stola*

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- 1) *-en* *-ę* *-ę* *-nę*
 2) *-* *-* *-t* *-ę*

Dersom substantivet står i bestemt form, får adjektivet slike bøyningar:

- 1) *dann vesnę blomęn* *dann vesnę håndę* *dę vesnę treę* *dai vesnę blomaneę*
 2) *dann hęgę stol'n* *dann hęgę jęntå* *dę hęga huseę* *dai hęgę stolanę*

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- 1) *-nę* *-nę* *-nę* *-nę*
 2) *-ę* *-ę* *-a* *-ę*

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjøn	hokjøn	inkjekjøn			
subjektsform	<i>ęg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>męg</i>	<i>dęg</i>	<i>hann</i>	<i>hinnę</i>	<i>de</i>	<i>åss</i>	<i>dekå</i>	<i>dai</i>

Dei peikande pronomena i Jondal har denne bøyinga:

Eintal	Fleirtal
--------	----------

Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn	
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>dē</i>	<i>dēsē</i>
<i>dēnn</i>	<i>dēnn</i>	<i>dētta</i>	<i>dissē</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hinē</i>

5. Ord og uttrykk

Her finn du ei samling gamle ord ➤L og uttrykk ➤L frå Jondal. Samlinga byggjer på:

Halldor O. Opedal 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Halldor O. Opedal 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

5.1. Ordsamling

datovisar (substantiv, hankjøn) 'kalender'

fjak (adjektiv) 'snøgg, rask, snar': *Ha dēg herifrå i fjakastē lajē.*

fjabba (verb) 'stabba': *Vētlegut'n for å fjabba på gålve.*

glässe (adverb) 'mykje, svært': *Hann ē glässe hait' i dag.*

jåldring (substantiv, hankjøn) 'dum, toskete, ukunnig person': *Hann va inḡen jåldring.*

ķarķ (substantiv, inkjekjøn) 'mas'

ķars are (pronomen) 'begge to': *Dai va lika goē ķars are.*

kuss'n (adjektiv) 'redd, skvetten'

pils (substantiv, hankjøn) 'underskjørt': *Ho jēkk i bērrē pils'n.*

slaivalaist (substantiv, hankjøn) 'flåkjeft': *Hann va no so ain slaivalaist.*

ti (substantiv, hokjøn) 'gøy, moro': *Dai hēlt slik ti mē hann.*

uronsjēn (adjektiv) 'urgen, urven, i ulag': *Hann va nåkā uronsjēn ēttē våķē-nåttē.*

ålēndēs (adverb) 'avsides': *Dai bur nåkā ålēndēs.*

5.2. Uttrykk

Hann kundē mair ēnn snyta seg, dann kar'n.

Hann slo på skålē. 'Han meinte noko anna enn det han sa.'

Hann va stivē so ain ķyrķēstålpe.

6. Forskjellar

6.1. Yngre og eldre dialekt

Skissa ovafor viser yngre mål i Jondal. På ein del punkt skil det seg frå eldre mål, og me skal sjå på nokre av dei viktigaste forskjellane.

Verbbøyinga ➤L

- Verba *slå* og *få* blir bøygde litt annleis i eldre mål:

<i>slå</i>	<i>slər</i>	<i>slo</i>	<i>slaię</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fękk</i>	<i>fęndę</i>

Adjektivbøyinga ➤L

- I eldre mål blir adjektiva bøygde slik når substantivet står i bestemt form:

Dann høgę stol'n *dann hōga jęntå* *da hōga huse* *dai hōgę stolane*

Bøyingsmønstret er altså slik:

–ę –a –a –ę

Pronomenbøyinga ➤L

- Dei personlege pronomena er slik i eldre mål:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjøn	hokjøn	inkjekjøn			
subjektsform	<i>ęg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>me</i>	<i>di</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>męg</i>	<i>dęg</i>	<i>hann</i>	<i>henę</i>	<i>de</i>	<i>åss</i>	<i>dekå</i>	<i>dai</i>

- Dei peikande pronomena er slik i eldre mål:

Eintal			Fleirtal
Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn	
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>da</i>	<i>dęnnę</i>
<i>dęnn</i>	<i>dęnn</i>	<i>dętta</i>	<i>dęnnę</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hinę</i>

7. Dialektprøver

Slik kan tre dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift. ➤L [eigen art.]

Tekst 1:

Ystinde, da va ait hailt arbai, da; då va budaiena oppę grytile omm mårånd'n. Eg trur ho åftast iķķę kundę ve mair so to tre omm neţt'na. Å so te å fyra opp unda ķel'n. Da va surmjelķę di då tokse av å hadde opp i ķel'n å vermdę opp. Så tokdi å sjilde dann herre mjelķę. Di fekk dygdę farr seg, da ķukka i mjelķę, å mōsā, da tunna, hadde di fø seg. Så tokdi denne dygdę oppi små ķørāld, små ostakādle. Dar va teţt i teţt me hāl. Di la dygdę oppi, å so nārr di vel hadde fått da te, so hadde di oppi mōsā, hadde da oppi ķel'n å heņgdę da øve varmen. Nārr de va passęle kokt, sette di da opp på jadla di her kādll'na, å dar vatt di ståandę i flaira vekę.

Visst du då på dann tie hadde fått sitt gammalost'n, grøn å gulmygla me landę mygletustę på, so hadde de jędna vā mandę so hadde mist lyst'n.

Tekst 2: ➤L

- *Da e klart vist di har spesielle utdanięga, så e da iķķę så vęldi manę tebā her inne då. Lit'n komune å iķķę så, så alsidig så du kann finna på større plasse. Så nārr du fyst har fått deę ain jobb, så må du vęll prøva å halda på dann då. Så du har levębrø her inne.*
- *Ja. Kva lever folk av her då?*
- *Nai, da e nå, her såmm så manę andre plasse, så e da dette offentlege sörvisnerięga å skule, plaię, ommsārg, butikka, å så e de ain, jorbruksdrifte står jo relativt sterkt her då, ijallfal ain ti-fęmtęn prosent hęnta inntękte si dar. Så da e, e vęll iķķę så store fārsjella på andre små komuna i Hardanger. Så e da, har me ai mekanisk bedrift, Jondal stāl, så sysselsetę ain fęmåķue-trędeve, å stālindustrięn i Sālęsnes, murstain å sjifer, å, å lakse- å fiskeopdreţt har skaffa ain go del arbaisplasse di siste ķue āre. Da har di.*

Tekst 3: ➤L

- *Ja da, du får prøvt både sji å fottball å hånball å egentli all ballsport å fårsjelli. Telemark har di åg her da. I fyste klasse så e da obligatorisk me telemark. De e ganske moro.*
- *Ja. Har du stått på det før?*
- *Nai, eg har aldri stått telemark før, menn i fyste klasse då så sto eg jo telemark. Å di så lika de veldi gått, di velle da jo, velle da jo, da såmm studieretningsfag då for eksempel.*
- *Ja, så då reiser dei mykje på turar og sånn for å øva på det?*
- *Ja, di raise på tura, ja. Ellø så har di sånn barmarkstrening. Menn omm vinter'n så raise di ain del på sänne, på sjirønn å sånn.*
- *Men kor trenar dei då? Dreg dei på Kvamskogen, eller?*
- *Ja, i Aikedal'n trenø di omm vinter'n då. Ellørs så trenø di, har di alternativ trening her nerø.*

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Jondal

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T**[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ **T** [eigen art.].

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

Vidsteen, Chr. 1885: *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.